



FRÆNA KOMMUNE

Landbruk

Administrasjonen

Landbruks- og matdep.	
2006/00143	- 19
07 APR 2006	
MP/SDD	
MBB	713
	Avskrift

Det Kongelige landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
OYGROA 06/00394

Arkivnr.
GARD
Landbruk

Dykkar ref.


Dato
05.04.2006


**MELDING OM POLITISK VEDTAK
FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15 JUNI 2001 NR 75 OM VETERINÆRER
OG ANNET DYREHELSE PERSONELL**

Plan og økonomiutvalet handsama saka i møte den 03.04.2006, under sak nr. 0062/06. De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

Fræna kommune, som er ein betydeleg landbrukskommune, går mot at ansvaret for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell skal overførast til kommunane, slik det er utforma i lovforslaget.

Med helsing


Roald Øygard
landbrukssjef


Odd Løset
skogbrukssjef

Vedlegg: Utskrift av møtebok

Kopi til:

Saksh.: Roald Øygard
Arkivsak: 06/00394

Arkiv: GARD Landbruk

Saksnr.: Utval
0062/06 Plan og økonomiutvalet

Møtedato
03.04.2006

Sak 0062/06
FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15 JUNI 2001 NR 75 OM
VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSE PERSONELL

Saksdokument:

Høyringskriv frå LMD datert 15.02-06.

Notat om endring av lov 15. juni 2001 nr 75 om vetrinærer og annet dyrehelsepersonell

Bakgrunn:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har i brev av 15. februar 2006 sendt på høyring eit forslag til endring av "lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell." Målet med lovendringa er å overføre ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt i alle deler av landet frå staten til kommunane.

LMD grunnir forslaget med at departementet ønskjer at avgjerder som vedkjem tilgang på tenester for brukarane blir forvalta så nær brukarane som råd er. Departementet ønskjer også å styrke fokus på førebyggjande helsearbeid og beredskap mot alvorlige smittsamme sjukdomar. LMD meiner at å flytte ansvaret for veterinærtenesta over til kommunane er eit bidrag til målet.

Departementet skriv i høyringsnotatet at kommunane kan løyse oppgåva på ulike måtar . Administrative og økonomiske konsekvenser er nemnt, men lite omtalt. Departementet tek sikte på å gi kompensasjon som tilsvarer dagens vaktgodtgjering + 0,5 mill i administrasjonskostnader.

Summen blir lagt inn i rammetilskotet til kommunane. Vaktplikta som i dag ligg på veterinærane skal opphevast. Den Norske Veterinærforening sin rett til å forhandle med staten om vaktgodtgjering blir oppheva.

Staten si plikt til å syte for ei landsdekkande klinisk vaktordning skal opphøyre.

Vurdering:

I dag har Staten ansvaret for å ha ei landsdekkande klinisk veterinærvaktordning. Dette har vore ein styrke for husdyrhaldet i distrikta og for husdyreigarane i byane. Det har også vore ei god ordning for arbeidet med dyrevern og beredskapen mot smittsamme husdyrsjukdommar.

Denne ordninga er svekka på grunn av stadig større vaktområde for veterinærane.

Forslaget er uklart når det gjeld reelt ansvar.

Det er også uklart kva økonomiske konsekvens det får for kommunane.

Forslaget påverkar alle kommunane, både tradisjonelle landbrukskommunar med husdyrhald og bykommunar med mange kjæledyr og sportsdyr.

I dag sikrar lova tilnærma likt tilbod til husdyr og dyrehold i heile landet, med ein moderat administrasjon i Mattilsynet. Det er nyleg framforhandla ein landsdekkande avtale mellom Staten og DNV.

Gjennom samarbeidsavtalar kan det lagast lokale og praktiske tilpassingar mellom ulike kommunar og vaktområd.

Dei lokale behova blir i dag løyste på ein tilfredstillande måte.

Sett frå kommunane sin ståstad ser det ut som om Staten her ønskjer å fråskrive seg ansvaret for framtidige økonomiske forplikting og ubehagelege forhandlingar.

Ei overføring til kommunane vil neppe styrke beredskapen når det gjeld dyrevern og smittsamme sjukdomar på dyr.

I ei tid med stadig nye og alvorlige sjukdomar, bør ikkje Staten fråskrive seg meir ansvar.

Lovforslaget har ikkje klargjort kva ansvar kommunane skal ha og kva nivå og kvalitet tenesta skal ha. Det vil føre til ulik behandling frå kommune til kommune og dermed ulike vilkår for næringane som er avhengig av veterinærtenester.

Staten forpliktar seg ikkje til å dekke kommunane sine utgifter.

Det økonomiske grunnlaget for å sikre ei framtidig veterinærdekning i heile landet er ikkje klarlagt.

Det er ingen garanti for at overføringane frå staten vil dekke det kommunane ser som eit tilfredsstillende tilbod.

I høyringsnotatet er det gitt svært ullent svar på kva som skal leggst til grunn for at kommunane skal få overført statlege midler.

På denne bakgrunn finn vil vi gå imot den foreslåtte lovendinga.

Rådmannen si tilråding:

Fræna kommune går mot at ansvaret for tilfredstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell skal overførast til kommunane.

Frå Plan og økonomiutvalet i møte 03.04.2006 sak 0062/06

Handsaming:

Representantane Ola Hals og Ragnar Valle sette fram slikt forslag til vedtak:

Fræna kommune, *som er ein betydeleg landbrukskommune*, går mot at ansvaret for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell skal overførast til kommunane, slik det er utforma i lovforslaget.

Før voteringa trekte rådmannen si tilråding til vedtak.

Ved voteringa gjekk eit samrøystes Plan og økonomiutval inn for forslaget sett fram av representantane Ola Hals og Ragnar Valle.

Vedtak:

Fræna kommune, som er ein betydeleg landbrukskommune, går mot at ansvaret for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell skal overførast til kommunane, slik det er utforma i lovforslaget.